

HØYONN

Høyet er berga
Han Karl har kvilt hovudet
Borda er dekte til minnelag
Gravfølgjet går forbi markar
Med spor etter hesjer
Han Karl skal begravast i dag
Og tynt kling ei klokke
Og tynt kling ei klokke
Og tynt kling ei klokke
I eit kvitt, lite klokketårn

Tre spadar jord
På ei kiste med blomster
Ein prest les det som han må
Nakne hovud i haust vind
Og fjernt høyrest stemma:
"… av jord skal du gjenoppstå..."
Før klokka kan ringe
Før klokka kan ringe
Før klokka kan ringe
Far vel frå sitt kvite tårn

Litt høy virvlar opp
Og dei kom nok litt saktare
Enn når dei snur seg og går
Ei grop i sanden i ly
Bak ein gravstein var reir
For ein tjeld siste vår
Berre tjelden og vinden
Berre tjelden og vinden
Berre tjelden og vinden syng
Når klokka teier i tårn

og1979/2012